

Klage på plangebyr Faktura nr 50002145

Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr 215/ mfl.

Viser til dagens samtalar, der eg informerte om at klage på faktura 50002145 ville sendast kommunen. **Sakens faktum følgjer.**

I går den 15/11 2021 fekk eg ein forbausande stor faktura frå Alver Kommune. Den kom i posten. Ingen ting er levert meg i nettbank eller på Digipost som er vanleg ved

kommunikasjon frå kommunen. Faktura er på 260 400,- Eg bestrider herved den.

Kostnaden er etter mitt syn for stor til tre nye tomstar som er grunnlaget for planen.

Viser frå no av til kommunen sine gebyr og betalingssatsar for 2021 som ligg ope på nettet. Bestemt i Alver kommunestyre den 17.12.2020

Eg forventar sjølvsagt gebyr på saka som er ute på høyring for andre gong, med høringsfrist 15. desember. Viser til 4.3 der det står, Gebyr vert fatta når det vert fatta vedtak i saka.

Så vidt eg veit er ikkje saka ferdigbehandla endå.

Viser til 4.1 der ein har 30 dagar betalingsfrist etter at gebyr er fakturert.

Fekk 25 dagar frå eg fekk faktura til gebyr skulle betalast.

Viser til 4.2 der det står at gebyr skal reknast ut etter timesatsar, og skal relaterast til satsar då arbeidet blei fullført. Har til no ikkje høyrte eit ord om kommunen sitt timeforbruk i saka.

Viser til 4.9 der står: «Når kommunen sitt arbeid med ei sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret.» Her har saksbehandlar fakturert ut frå kommunen sine satsar. Gløymt fullstendig bruk av skjønn, sidan det her kun gjeld 3 nye tomstar. Viser også til 4.9, der søknad om redusert gebyr skal vera grunnigjeven. Klagen omhandler punkt 4.1 4.2 4.3 og 4.9 i kommunen sine vedtatte gebyrsatser for 2021

Dersom kommunen held fram med å kreve så store gebyr i framtida for tomstar, vil kommunen sakte dø ut. Ikkje veksa slik kommunen ynskjer.

Med dette ynskjer eg å betale inn 150 000 til kommunen for planen. Håpar sjølvsagt på god dialog.

Når tomtane forhåpentligvis blir ferdige, vil kvar ha kostet ca 500 000,- å opparbeida.

Mvh Egil Eidsnes.

